



Festivalen er ein publikumsmagnet (Foto: Kjell Magne Haugland)

Humlepungen Bryggjarlag avslutta i dag studieturen sin til hansabyen Bremen i nordvest-Tyskland. Bryggjarlaget var med på ein ølfestival som ein del av den årlege tilskipinga Freimarkt, ein festival med lange tradisjonar der bøndene kom og fekk selja sine varer fritt utan avgifter på marknadsområdet



Tyske spesialiteter er kraftig kost. (Foto: Kjell Magne Haugland)

I dag er Freimarkt meir å rekna som eit stort tivoli med musikk- og kulturinnslag. Store ølhallar med servering og oppleving samlar tusentals personar kvar dag i oktober månad.

Humlepungen Bryggjarlag fekk omvisning i det over 600 år gamle rådhuset. Hansatida var det nær kontakt med vår eigen by, Bergen. I kjellaren finn ein framleis Bergensrommet. I Ratskeller er det og ein stor vinkjellar.

På det vakre og historiske torget finn vi den store statuen Roland frå 1404. Roland er symbolet for rettferd og fridom.

Det verdskjende bryggeriet Becks ligg sentralt i byen, ved elva Weser. Bryggjarlaget var innom eit lokalt bryggeri, Schuttinger.

Det var elles lagt inn guida bytur, togtur til den langt større byen Hamburg, sykkeltur, vitjing i fleire kyrkjer og tur i den eldste bydelen Schnoor med sine små hus frå 1400- og 1500 talet.

Bremen var i si tid ein stor hamne- og skipsfartsby. Område med dokkar, skipsverft og kaiar er i dag store kjøpesentra. All skipstrafikk går til Bremenhafen, 4 mil lenger nord. Her finn du eit framifrå maritimt museum som også omhandlar og dokumenterer den norske handelsflåten sin trafikk på Bremen. Det er framleis stor trafikk på elva Weser med dei lange og smale elvebåtane.

Bremen er ein vakker by med kulturminne på UNESCO lista. Med rimelege turar frå Haugesund er byen verdt ei besøk, vel ein times flytur.

Av Kristian Olav Bringedal



Beck er eit verdsberømt bryggeri. (Foto: Kjell Magne Haugland)